**Kvinnheringen**
www.kvinnheringen.no
Lonabråtet, 5460 Husnes.
Politisk ubunden avis for Kvinnherad.
Kjem ut måndag, onsdag og fredag.
Ansvarleg redaktør: *Tomas Bruvik*.

**REDAKSJONEN**
redaksjon@kvinnheringen.no
Telefon: 53 48 21 45



**Tomas Bruvik**
*Redaktør/dagleg leiar/desksjef*
Telefon: 411 08 523
tomas@kvinnheringen.no



**Jonn Karl Sætre**
*redaksjonssjef/journalist*
Telefon: 995 20 861
jonn.karl@kvinnheringen.no



**Trude Aarsand**
*journalist*
Telefon: 913 45 033
trude@kvinnheringen.no



**Arne Lindeflaten**
*journalist*
Telefon: 995 20 863
arne@kvinnheringen.no



**Aasmund Taarn Sande**
*journalist*
Telefon: 950 33 776
aasmund@kvinnheringen.no



**Mona Grønningen**
*journalist/nettansvarlig*
Telefon: 992 24 355
mona@kvinnheringen.no

Veit du om noko me burde skriva om!

**TIPS OSS**

på telefon 53 48 21 45
eller send ein SMS/MMS med kodeord KVTIPS til **2470**
E-post: redaksjon@kvinnheringen.no

**ANNONSER**
annonse@kvinnheringen.no
Telefon: 53 48 21 35
Fax.: 53 48 21 55

**Herland, Haldor,** *marknadssjef*
Telefon: 959 75 364
haldor@kvinnheringen.no

**Langeland, Vigdis,** *annonsekonsulent*
Telefon: 411 05 958

**Merete Lillesand,** *annonsekonsulent*
Telefon: 942 88 606

**Karin E. Myhre,** *annonsekonsulent*
Telefon: 952 69 278

**Kristine Hellås,** *kundekonsulent*
Telefon: 912 40 604

**Kundesenter:**
**ABONNEMENT**
abonnement@kvinnheringen.no
Telefon: 85 23 32 02

**LAUSSAL**
lossalg.kundesenter@amedia.no
Telefon: 85 23 32 56

PFU

Kvinnheringen ønskjer å retta seg etter reglar for god presseskikk slik desse er nedfelt i Vær Varsom-plakaten. Den som meiner seg ramma av urettmessig avisomtale vert oppfordra til å ta kontakt med redaksjonen. Det er også høve til å reisa klage for Pressens Faglige Utvalg, Rådhusgt. 17, Postboks 46, 0101 Oslo. Tlf. 22 40 50 40 eller e-post: pfu@np-nr.no

## leiar...

# Rørande hjarterom

Det er ikkje til å unngå å sjå at det no stundar mot jul. Over alt kor vi går vert vi minna om at den flotte julehøgtida står for tur. Ei høgtid som er flott, for dei aller, aller fleste. Men sjølvsagt er det nokre som ikkje har det så bra i jula, dei som står litt på utsida og må sjå på dei som har råd til å kjøpa inn både julemat og julepresangar.

Då er det fint å lesa om gutar som Marcus frå Omvikdalen. Med god hjelp av mora har den unge guten teke initiativ for å kjøpa gåver til born som ikkje kan forventa å få gåver. Etter å ha sett ein film i fjor om ein gut som fiksa julegåver til fattige, bestemte Marcus seg for å gjera det same.

No har dei alt fått samla inn ein god del presangar, dei har plass til fleire, men det hastar. Innan sjette desember må gåvene vera familien i Omvikdalen i hende. Julepresangane skal til slutt delast ut til Robin Hood-huset i Bergen, som igjen fordeler dei vidare.

Vi oppmodar folk om å vera med og støtta eit så flott tiltak.

## meiningar

*Vi vil gjerne at lesarane er med i samfunnsdebatten gjennom brev/innlegg i avisa. Vi tek atterhald om at lange innlegg over 500 ord, kan bli korta ned.*
*Send innlegg på e-post: redaksjon@kvinnheringen.no*
*Brev til Kvinnheringen, 5460 Husnes.*

# Manipulerande redaktør

*Svar til Torleiv Sydnes*

Over tid har Kvinnheringen skrive svært mange artiklar om Dill, matservering og Kvinnherad kommune. Ei viktig sak der vi på leiarplass har teke til orde for lokalprodusert mat.

Samstundes er det slik at i ein debatt må ein vera sakleg og ikkje koma med injurierande karakteristikkar av dei ein er usamde med. Etter mi meining gjekk du i ditt innlegg noko over streken, og dermed redigerte vi innlegget. Det er redaktøren som er ansvarleg for kva som kjem på trykk, ikkje Torleiv Sydnes. Avisa er i sin fulle rett til å redigera innlegg, noko avismannen Sydnes burde vita. I ettertid ser eg at eg burde kontakta deg og forklart kva vi redigerte og kvifor vi gjorde små endringar i innlegget ditt.

Elles gjer eg merksam på at eg veit du ikkje er ein pave og at det ikkje har vore meininga at du skulle framstå som ein pave. Om andre no trur du er ein pave – så orsakar eg dette.

Frilansjournalist i Grenda, Torleiv Sydnes, meiner og at om eg ikkje legg av meg uvesenet å redigera innlegg, så bør eg finna meg annan jobb. Eg har ikkje tenkt å gjera nokon av delane. Det er i grunnen fasinerande at straks Sydnes er usamd med nokon, ber han dei finna seg ein annan jobb.

Heilt til slutt: At eg har redigert nokre setningar i innlegget ditt, betyr på ingen måte at vi ikkje er opptekne av matsaka. Sidan du ikkje abonnerer på Kvinnheringen, kan eg melda at dette har vore ei av dei viktigaste sakene i haust med ein serie reportasjar.

**Tomas Bruvik**
*redaktør*

# Gunn Tove, Arve og dei gamle

Eg har følgt med i parodien om dei gamle og mat, og matservering i Kvinnherad.

Mykje er sagt og skrive. Ja, sjeldan har ein opplevd slikt engasjement og gode lesarbrev i lokalavisene. Ein breidd folkeopinion reagerer med vantru på kommunal og politisk arroganse. Det er svært vanskeleg å forstå at nokon kan tillate seg ein slik «ovanfrå og ned» haldning.

Gunn Tove Petterteig skal likevel ha takk for at ho til slutt svara Thor Inge Døssland på spørsmåla hans. Spørsmåla var gode og relevante, og svara var i alle fall i nærleiken av spørsmåla. Likevel unngjekk ho å svare på kjernen i spørsmåla, eller kan hende ho ikkje har oppfatta den?

Arve Opsanger si orsaking overfor dei gamle var svært måtehalden og satt skammeleg langt inne. Kvifor tok det fleire veker før han kommenterte utsegna si? I mi verd er ei så sein orsaking ikkje særleg truverdig, og ein kan like gjerne oppfatte det som ein hyllingstale eller forsvarstale for kommunalsjef Petterteig.

**Frode Olav Sæbø**



# Lys vakne

23 born deltok i helga på arrangementet «Lys vaken» i haltestrand kyrkje. Dei overnatta i kyrkja adventsnatta.

(Foto: Lina Raa Alvheim).

**Kvinnheringen**
Lonabrotet, 5460 Husnes
Org.nr.: 980 066 401
Utgitt av: Kvinnheringen A/S
Trykk: Bladet Sunnhordland.
Godkjent opplag 2012: 4325
Bankgiro: 7058.06.55554

**OPNINGSTIDER:**
REDAKSJON/EKSPEDISJON
Lonabråtet, 5460 Husnes
Månd.–fred. 08.00 – 15.00
Laurd./sundag stengt

**ABONNEMENT, prisar 2013:**
Heilt år kr 1340,-
Halvår kr 750,-
Kvartal kr 395,-
Studentar pr. månad kr 55,-
I tillegg kjem fakturagebyr på kr 35,- Abonnementet gjeld til det blir sagt opp.

**ANNONSAR – fristar og prisar 2013:**
**Innlevering for annonsar:**
Måndags-avisa fred. kl 11.00
Onsdags-avisa månd. kl 12.00
Fredags-avisa onsd. kl 12.00

Større annonsar må vera innlevert dagen før annonsefristen kl 15.00

Alm.plass pr. mm kr 7,90
Stilling ledig pr. mm kr 11,30
Tekstside pr. modul kr 830,-
1. side pr. modul kr 1530,-
4-fargetillegg pr. mm kr 5,90
Fargetillegg pr. modul: kr 420,00
I tillegg kjem m.v.a.

*Klipp av stoff og annonsar er ikkje tillate utan etter avtale med Kvinnheringen.*